

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Veøy

Emne: Høgtidsmat ved familiefester

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Elliv Sandnes

Gard:

(adresse): Rødven

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## HØGTIDSMAT VED FAMILIEFESTER.

A. Fødselen.

1. Grannekoner, ja ffrå heile grenda (t.d. ei skulkrins) kunne koma med "sengemat" til barselkona. Hadde ho skyldfolk i grannebygder kunne dei og koma.
2. Dei kom einskild og ikkje i flokkar.
3. Dei hadde ingen avtale seg imellom kva dei skulde ha med seg.
4. Nokon viss dag var det ikkje.
5. Det var berre ein gong kvar skulde koma.
6. Før var det rømmegraut ("Sengjamatgraut") og den skulde sjølvsgat vera sers god og forseggjort. No er det vel ymse middagsmat. Noko "kaker" har det vore vanleg å ha med attåt det andre.
- 7.
8. Barselgrauten var brukt å ha i ein stor terrin, her kalla for "komme".
9. Heile sendinga var "sengamat", men grauten var så "sengjamatsgraut".



10. Det var alltid husmora sjølv - kona - som gjekk .
11. At mannen var med var ikkje vanleg, men det hende når det galdt nære skyldfolk.
12. Sendingsfolket skulde ha traktering og gjerne noko med ~~meg~~ til folket sitt heime og. Dette vart då helst Ingen brødmat. ~~Nokan~~ skilnad om det var gut eller jente.
13. 14. Noko serleg <sup>på</sup>namn slike små gjestebod i høve barselen, veit ein ikkje av.
15. Det var helst berre til gifte mødre ein gjekk med barselgraut. Var det ei grannekone som sat nokså nære til vedkomande <sup>usifte</sup> mor hende <sup>det</sup> vel at ho gjekk i slike høve og.
16. Kva tid skikken skifta, slik at grauten ikkje vart så "moderne" lenger, er vel ikkje så godt å seia så nøgje, men det er vel i den siste mannsalder.
17. At konene ha med nokor gåve var ikkje vanleg før.
18. Helder ikkje no.
19. Dåpskalaset har alltid vore kalla barsøl på desse kantar. Det var faddrar og nærskyldde som var med.
20. Sjøå førge sp.
21. At gjestene hadde sendingar var visst ikkje vanleg. Var det faddrar eller skyldfolk ~~frå~~ utanbygds frå så ha dei gjerne med sending.
22. Dåpsgåver var det lite av. I eldre tid ga faddrane jord (jordstykke), seinare pengar. Eit to-krone-stykke vart ofte kalla "faddergåve". Det hadde då tru-leg vore ein halvdalar før.
23. Det er visst helder ikkje no vanleg med dåpsgåver.



B. Fødselsdag.

24 - 29. Når spørsmålet er om feiring av fødselsdagen så kan ein vel seia at dette ikkje har vore vanleg. Det er først i seinare år at kvinner tok til å feira dagen når dei "runda" 50 eller 60-års dag o.s.b. Somme tider kan dei då vere bedne eller dei ~~sk~~ (gjekk) <sup>gør</sup> "sjølvmi~~tt~~" for å ynskja tillukke. Serlege reglar for noko m.o.t. mat eller anna korkje var ~~skk~~ eller er det.

C. Konfirmasjon.

30. Nokor feiring av konfirmasjon i eldre tid var det ikkje.

31. No kan ein vel kanskje snakke om konfirmasjons-selskap. Men det er først i seinare tid - kanskje i den siste mannsalder det vart noko vanleg.

32. Prsten og læraren er ofte bedne og næraste skyld-folket.

33. Å sende sendingar er vel ikkje vanleg, men bedne ~~gjester~~ gjester gje vel gåvor.

34. Sjå sp. 33. Nærskylde folk kan vel gje gåvor om dei ikkje er i gjestebodet og.

35. Visse rettar eller kaker veit ein ikkje av.

D. Bryllaup.

36. Festarøl - forlovelsesgilde veit ein ikkje no av.

37. Det kan vel vera no at når eit par er "offentleg" trulova dei då vert bedne kvar sin gong til svigerfor-eldra skal verta.

38. a) Kor mange måltid det var i bryllaupsgaren kan vel vera vandt å seia no. Plent nokon regel var det vel ikkje.



b) Av rettar kan ein vel nemna kjøt som sodd, lutfisk og graut. Sodd eller lutfisk var helst første dagen og grauten andre dagen.

c) Graut var "stående" rett i kvart bryllaup. Skikken heng i enno.

d) Som nemnd under b) skulde grauten helst vera andre dagen. Tredje dagen var hjelparane som kokkar, serveringsgjentor, kjøgemeistar, bemann o. a. attbedne.

39. Kva og kor mykje dei ymse gjester skulde sende kan ein vanskeleg seia noko om no.

40. Smøret var gjerne i former , så det var ein viss "dekor" over det.

41. At bemanne samla inn kjøt veit ein ikkje av.

42. Sendingen vart her kalla sending eller beining.

43. Korga som dei bar i, og som helst skulde vera sers forseggjort, vart kalla både for sendingskorg og beiningskorg - skiftevis.

44-45. Ikkje kjent no.

46. I brudlaup var det brura som sto for "heimattsending". Til å syrgja for at maten kom på bordet - og rikeleg nok - var det visse konor som var "matmør" (matmødre) i både bryllaup og gravøl i grenda.

47. To-dages bryllaup er enno vanleg, og tredje dagen er, som nemnt under 38 d), hjelparane attbedne.

48. Bryllaup på hotell er det noko av no. Ein kan vel seia det har vorte meir og meir. Somme reiser vel til ei by og giftar seg utan å halde noko lag og.

50. Bryllaupsgåvor vert vel i slike tilfelle berre frå frå næraste skyldfolk.



51. Fest for årsdagen for bryllaupsdagen vert vel som vanleg halde helst ved runde tal.

E. Gravøl.

52. "Sjølfolket" - mann og kone i huset var bedne ved bemann.

53. I gamle dagar - for eit par mannsaldrar sia, var det vanleg to dagars gravøl. Kor mange måltider er vel vandt å seia; men går ein så lagt attende som nemntyxar så var det vel først skjenk, når ein kom til gards.

54. Av måltider kan ein nemnã graut og/eller lutfisk. Maten vart servert ved langbord.

55.56. Nokon slags mat som ikkje skulde nyttas i gravøl kjenner ein ikkje til her. Noko serleg namn på hovudmåltidet kjenner ikkje.

57. Regelen var at gravølet var i heimen. Men henda kunne det ved dødsfall i små husmannsstovor, at gravølet vart halde på garden (hos jorddrotten).

58. Skikken var mest at gjestene hadde sendingane med seg når dei kom.

59.- 60. Nei, dette kjenner ein ikkje til no.

62. Dei gamle bearlag med fleire dagars gravøl heldt seg vel til århundraskiftet og vel så det. Så tok det til å verta slik at det var fritt tilgjenge for dei som vilde syna den avlidne ~~den~~ siste æra. Då var <sup>det</sup> gjerne berre kaffe og smørrebrød m/ kaker. Dette kan vera så ymse no. I somme tilfelle vert dei "attbedd" på gravplassen. Då er det middag med kaffe etterpå.

63. Etter at dei slutta brygge maltøl heime kom brennevinet inn. ~~M&X~~



Men dette vart det og slutt med i førge hundraår.

64. Her har heimebrygging og sending heldt seg lenger ved bryllaup enn ved gravøl. D.v.s heimebrygging har det vore lite av både ved bryllaup og gravøl i dette hundraår.

65. Sjå sp. 63.

66. Alkohol er det heilt slutt med i gravøl.

67. På større stader - der det er hotell - held dei gravøl der.

68. Å be gjestene skriftleg er ikkje vanleg bruka her.

69. Å annonsere dødsfall i blad var vel ikkje vanleg før eit stykke ut i dette hundraår.

#### F. Nye fester.

70. 17. mai. Nokon tradisjon om kva mat ein skulde ha til 17. mai kjenner ein ikkje til.

71. Morsdagen er vel feira i dei fleste heimar. Då morsdagen tok til for omlag ein mannsalder sidan, var det og halde offentlege fester.

72. Farsdagen vert og feira med somme.

73.74. Noko visse retter eller kaker er det ikkje.

75. Mors- og farsdagen vart vel kjent gjennom blad.

Heimelsmann: Ingebrigt Dalset, 84 år, Rødven, bonde og bygningsmann.

Delvis etter eiga røynsle.